



NVE

Simon Flatekval

Vår dato: 19.03.2026

Vår ref.: 202521111-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Svar på krav om innsyn og utsatt klagefrist

Vi viser til brevet du sende oss 16.03.2026, der du ber om innsyn i grunnlaget for NVE sine vurderingar, jf. offentleglova og partsinnsyn etter forvaltningslova §§ 18 og 19, i samband med vårt vedtaket om å kalle inn Hellandsfossen kraftverk til konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 66. Du ber samstundes om at klagefristen blir forlengd til tre veker etter at MK Kraft AS har fått fullt innsyn i dokumenta i saka.

Vurderingane som ligg til grunn for NVE sitt vedtak går fram av varselet om innkalling, datert 11.11.2025, og vedtaket om innkalling til konsesjonsbehandling, datert 05.03.2026. Vi viser til det som kjem fram i desse breva. Revisjonsdokumentet for vilkårsrevisjonen for Steinslands-/Modalsvassdraget, og fråsegna frå FNF Hordaland (01.02.2022) og Miljødirektoratet (14.02.2022), som krev at kraftverket blir kalla inn til konsesjonsbehandling, finn du [her](#).

Alle dokumenta ligg tilgjengeleg på saka. NVE har ikkje gjort andre vurderingar enn det som går fram her, verken kring konsesjonsplikt, hydrologi, naturverdiar eller anna. NVE har heller ikkje motteke uttalar eller innspel frå andre styresmakter eller faginstansar.

Med bakgrunn i vurderingane over ser me heller ikkje grunnlag for å utsette klagefristen. Fristen forlengast med 4 dagar til 30.03.2026, jf. tidspunktet for ditt krav om innsyn og vår tidsbruk i samband med svaret på dette kravet.

Med helsing

Håkon Berg Sundet

fagleiar

Magnus Elton Veflen

seniorrådgivar

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Simon Flatekval

Kopimottakarliste:

Håvard Engeset
MK KRAFT AS